

WELLA

Fiskets Gang

12 UKE 26
1981



Fiskets Gang



Utgitt av Fiskeridirektøren

67. ÅRGANG
Nr. 12 - Uke 26 - 1981
Utgis hver 14. dag
ISSN 0015 - 3133

Ansv. redaktør:

Sigbjørn Lomelde
Fung. kontorsjef

Redaksjon:

Vidar Høviskeland
Kari Østervold Toft

Ekspedisjon:

Dagmar Meling

Fiskets Gangs adresse:

Fiskeridirektoratet
Postboks 185, 5001 Bergen
Telf.: (05) 23 03 00

Trykt i offset

A.s John Grieg

Abonnement kan tegnes ved alle poststeder ved innbetaling av abonnementsbeløpet på postgiro-konto 5 05 28 57, på konto nr. 0616.05.70189 Norges Bank eller direkte i Fiskeridirektoratets kassakontor.

Abonnementsprisen på Fiskets Gang er kr. 100.00 pr. år. Denne pris gjelder også for Danmark, Finland, Island og Sverige. Øvrige utland kr. 125.00 pr. år. Fiskerifagstudenter kr. 60.00.

PRISTARIFF FOR ANNONSER:

Tekstsider:

1/1 kr. 1500	1/4 kr. 400
1/2 kr. 800	1/6 kr. 300
1/3 kr. 550	1/8 kr. 200

Andre annonsealternativer
etter avtale

VED ETTERTRYKK FRA
FISKETS GANG
MÅ BLADET OPPGIS SOM KILDE

ISSN 0015-3133

INNHold — CONTENTS

Ny nestleiar ved HFI — Odd Nakken seier takk for seg New deputy at the Marine Research Institute — Odd Nakken render thanks	395
Lodderognkaviar — ei delikatesse Capelin caviar — a delicacy	398
Lodda — ei interessant råstoffkjelde Capelin caviar — a delicacy	399
Forsoksfiske viser — mye vassild i nord Test fishing show a lot of silver smelt in the North	400
Slik sleper du sild! This is the way to trail herring!	402
NORAD med fiskeriprojekt på Azorane NORAD fisheries program for the Island of Azores	404
R/V Dana i Norge Researchvessel Dana visits Norway	406
Olje/fisk-fondet The Oil/fish-fund; new grants	407
Øst Finnmark The fisheries crisis in Eastern Finnmark	407
DUF-midler Grants from the rural development fund	408
Nye produkter og prosesser New products and processes	409
Oversikt over fisket Norwegian fisheries this period	410
Innholdsfortegnelse januar—juli 1981 Contents in Fiskets Gang January—July 1981	413
Statistikker Statistics	415

Redaksjonens deadline for Fiskets Gang nr. 13/1981 er:
6. juli 1981

Forsida: M/s Alvestad jr.
Foto: Gunnar Christensen

Ny nestleiar ved HFI:

ODD NAKKEN SEIER TAKK FOR SEG

– Kvifor sluttar ein mann i ein godt betalt og prestisjefull jobb for å gå attende til å vera «vanleg» forskar?

– Lønsmessig er det ikkje noko skilnad å snakka om. Når det gjeld prestisje trur eg det viktigaste er at ein føler at ein får gjort noko i arbeidet sitt, får utretta noko meningsfullt. Eg tykte det var interessant å vera nestleiar, og trur eg har fått noko ut av jobben. Men eg treivst og med å vera forskar, og tykte at også det arbeidet gav meg noko.

Men ein ting er sikkert, det går ikkje å kombinera dei to jobbane. Nestleiarstillinga fører til ein så oppstykket dag at det umulegjer effektivt forskningsarbeid.

Så vi kunne kanskje ha rekna med enda større reaksjonar.

Det er naturleg med ein viss sunn skepsis til ein del reguleringsforslag.

– Kva med argument som at havforskarane aldri har vore på sjøen før dei vart forskarar, dei har altfor dårleg utstyr og dei veit ikkje kva dei snakkar om?

– Det er heldigvis ikkje slike argument som me møter til dagleg, sjølv om me nok har støtt på dei. Det er klårt at med slike utgangspunkt er det ureelt å koma med kritikk.

– Korleis vurderer du framtida for fiskerinæringa. Er stoda så mørk som det kan sjå ut som stundom?

– Dersom vi ser på dei einiskilde



Odd Nakken har vore nestleiar ved Havforskningsinstituttet i fire år. Nå seier han takk for seg og går attende til den forskarstillinga han hadde tidlegare.

Som tidlegare nevnt i Fiskets Gang får Fiskeridirektoratets Havforskningsinstitutt ny nestleiar frå 1. juli. Ole Johan Østvedt skal overta stillinga etter Odd Nakken. Fiskets Gang har fått eit «avskilsintervju» med Nakken, dagen før han gjekk attende til forskarstillinga si.

Og sidan eg fann forskinga så interessant gler eg meg til å gå over på dette arbeidet igjen. Særleg finn eg arbeidet med å anslå fiskebestandar med akustiske målingar umåteleg interessant.

Eg trur også dette er eit felt som ennå kan vidareutviklast. Mellom anna kan det oppnåast vesentleg betre presisjon i anslaga.

– Er du lei av å ta i mot kjøft frå sinte fiskarar?

– Nei. Eg tykkjer ikkje det har vore så mykje av det. Eg har reist ein del i fiskarorganisasjonar, både på årsmøter og elles, og det aller meste av den kritikken som kjem fram er sakleg. Nokre set kanskje problema meir på spissen enn andre, men i det store og heile tykkjer eg ikkje eg har fått så mykje kjøft.

Tvert om. Eg vil seia at fiskarane har synt stor forståing. Det har vore snakk om verkeleg store inngrep i fisket dei siste åra, og fleire av reguleringane er basert på tilrådingar frå havforskarane.

bestandane, har utviklinga for norsk-arktisk torsk og nordsjømakrell vore svært betenkeleg.

Når det gjeld dei andre bestandane ser det faktisk betre ut enn på lenge. Vi har fått eit konsumfiske i Nordsjøen, og det er også tegn til vekst i stamma av norsk vårgytande sild. Dette tykkjer eg er svært positivt.

Men det kan verta eit problem å byggja opp stamma av Nordsjøisild. Sjølv om det også i denne stamma er teikn til vekst, kan ein manglande fiskeripolitikk innan EF føra til stopp i veksten. Skal det koma nevneverdig nordsjøisild i norsk sone, må bestanden få høve til å veksa monaleg meir.

Veksten i bestanden av norsk vårgytande sild dei tre siste åra, er gledeleg. Det vert vel aldri meir snakk om fritt sildefiske att, men vi har klart å snu tendensen. Sett på bakgrunn av at vi har hatt ein nedgang i bestanden dei siste sju åra, er dette svært positivt.

Når det gjeld lodda i Barentshavet ser bestandsgrunnlaget bra ut, og reguleringstiltaka har fungert godt.

Kystfisket

Vi må heile tida ha klårt for oss at kystfisket ikkje er eit fiske på kystbestandar. Det er storleiken på dei store bestandane som er avgjerande for det norske kystfisket. Kystbestandane av ulike arter vil og gje verdfulle tiskott til kystfisket, men me veit for lite om storleiken og strukturen i kystbestandane. Norsk Fiskeriforskningsråd har eit stort prosjekt gåande på kystfiske av bunnfisk. Havforskningsinstituttet har her konsentrert seg om vassild og torsk på Finnmarkskysten og i Møre/Trøndelags området. Men det er langt igjen før vi kan fastsetja kystbestandane av torsk og hyse, og ikkje minst før vi er i stand til å finna ut kor stor rolle desse bestandane spelar i ein økosammenheng.

– Odd Nakken, fungerer byråratiet? Er kontakten mellom fiskar og forskar og mellom fiskarane og Fiskeridirektoratet god nok?

– Eg tykkjer personleg at kontakten er god, og har gjort mitt beste for at denne kontakten skal verta så god som muleg. Men god nok kan han vel aldri verta.

Særleg kan det vera vanskeleg når det oppstår usemje om bestandsstorleikar. Men det er sjeldan slik at fiskarar som alle har interesser innanfor eit fiskeslag, samla går mot Havforskningsinstituttet. Det er mest alltid nyansar

Fiskets Gang

– Eg trur vi får maksimalt ut av forskningsfartøya våre. Dette er først og fremst mannskapet og dei andre som arbeider om bord å takka, seier Odd Nakken.

ute og går. Den vanskelegaste bestandsreguleringa har vel vore for norsk vårgytande sild, men også der var det store nyansar fiskarane i mellom.

Generelt i vårt samfunn er det vel og slik at det er dei som er usamde som uttalar seg, og slik er det vel og i fiskerinæringa.

Journalistane er no ofte brenngode å finna fram til dei som er usamde og då . . . Men dette er sjølvsagt naturleg. Det er slik diskusjonar kjem i gang.

Det er ikkje tvil om at det framleis er behov for betre kontakt mellom alle dei som tek del i oppbygginga av fiskerireguleringsystemet og fiskarane sjølve.

Det har vorte særskild viktig dei siste åra. Etter kvart som den tekniske utviklinga på reiskapssida har gått fram, er det stendig større risiko for feilbeskatning av dei ulike bestandane.

Eg trur forresten at vi har funne god forståing hos fiskarane for sparing av ungfisk. Men også her er det nyansar: Nokre lever av å fiske ungfisk, og dei må nødvendigvis reagera .

Akvakultur gir nye perspektiv

– Vert fisken husdyr i framtida? Kjem akvakultur til å erstatta det tradisjonelle fisket gradvis?



– Det er vel ingen som heilt trur det ennå, men resultatene av til dømes dei forsøka som vert gjort i Austevoll er overmåte interessante. Dei opnar for nye perspektiv for utnytting av kysten vår. Ein del ting må rett nok avklårast før vi kan dimensjonera gevinsten ved framtidig utsetjing av torsk. Vi har ennå ikkje full oversikt over korleis utsett yngel vil utvikla seg i dei naturlege miljø.

Men dette forskningsarbeidet er ikkje berre viktig for oppdrettsnæringa. Studiar av korleis yngelen oppfører seg har også stor interesse for dei som forskar på rekrutteringsmekanismen på dei store havbestandane. Det er på dei tidlege stadia grunnlaget for ein årsklasse vert lagt.

– Kva kan gjerast for å byggja opp og

tryggja dei store bestandane i framtida?

– Først og fremst leggja om frå fiske etter ungfisk til fiske etter eldre fisk. Dette ville auka stammene monaleg. Men havforskarane kan berre gje råd. Det er eit politisk problem å få til ei slik omstrukturering.

Tilhøvet til styresmaktene

– Tykkjer du havforskarane får god nok oppbacking av dei politiske styresmaktene? – På dette området er det også store nyansar. Generelt vil eg seia at styresmaktene har vore svake til å følgja opp dei råda havforskarane har gitt dei.

No tenkjer eg først og fremst i eit langtidsperspektiv. Men når ein ser på at det snart er tretti år sidan havforskarane byrja å rå til omlegging av beskatninga i Barentshavet, kva som skjedde med nordsjosilda i 70-åra, og kva som er i ferd med å skje med makrellstamma i dag, tykkjer eg ikkje styresmaktene i ein del land har vore flinke nok til å gjera seg nytte av den kunnskap dei har hatt til rådvelde.

Eit anna døme er «reaksjonsfisket» vi hadde etter makrell i fjor haust. Det beklagar eg sterkt. Alle var samde om at bestanden var for lav, men då det kom fram at EF hadde overfiska sin del av kvoten gjekk vi ut og gjorde det same! I slike høve må det vera andre og meir tenlege måtar å reagera på.

– Både «G. O. Sars» og «Michael Sars» er førsteklasses fartøy med svært godt utstyr. «Johan Hjørt» er derimot ikkje tenleg til havforskningsfartøy lenger, seier Odd Nakken.

– Kva kjem du til å savna mest med nestleiarjobben?

– Eg har hatt eit fantastisk godt samarbeid med heile instituttet, men sidan eg har hatt særleg mykje med drifta av farøyet å gjera, vil eg nevna dei.

Dersom eg skal skryta litt av instituttet må det vera måten desse fartøya vert drivne på. Eg trur vi får maksimalt ut av dei. Dette skuldast i første rekkje dei som er ombord. Både mannskapet

og instituttpersonalet er verkeleg flinke til å driva feltarbeid.

– Er båtane godt nok utstyrt?

– Sjølv sagt er dei ikkje så godt utstyrt som vi kanskje kunne ønskja. Men både «G. O. Sars» og «Michael Sars», som er relativt nye, er førsteklasses fartøy med svært godt utstyr.

«Johan Hjort», derimot er ikkje tenleg til havforskningsfartøy lenger. Grunnen til at vi får så mykje ut av båten likevel, er at vi har så gode folk

ombord. Men det er grenser for kor lenge vi kan la flinke folk driva med så sløvt reiskap som «Johan Hjort» no etter kvart er blitt.

Vi har sett på ein del alternativ, både nybygg og ombygging av fiskebåtar, men det er ikkje gjort noko meir. Det er naudsynt at det svært snart vert stillt midlar til disposisjon slik at me kan få ein erstatning for «Johan Hjort», seier Odd Nakken til Fiskets Gang.

G. O. Sars til Barentshavet

18. juni legger G. O. Sars kursen mot Barentshavet. Forskningsfartøyet skal drive detaljerte undersøkelser av det biologiske produksjonssystemet ved iskanten, i forbindelse med prosjektet: «Lodda på sommerbeite». Det skal også taes hydrografiske snitt av strekninga Fugløya-Bjørnøya, Vardø N.

G. O. Sars er ventet tilbake til Bergen 11. juli.

Det tyske konsulat i Bergen

30. juni 1981 vert Forbundsrepublikken Tyskland sitt konsulat i Bergen nedlagt. Før det vert oppnevnt ein ny honorær konsul, vil ein embetsmann frå den tyske ambassaden i Oslo ta seg av oppgåvene i Bergen. Embetsmannen vil bli stasjonert i Bergen.

Endring i Indisk eksport

Tørka fisk og reker har i uminnelege tider vore ein av India sine største eksportartiklar til den fjerne Austen. Men dei siste tiåra har India mista fleire av desse marknadane, særleg Burma har svikta. Sri Lanka derimot held sin status som den viktigaste eksportmarknaden for tørka varer.

I konkurransen med frosne og isa reker, er det klart at andre produksjonsmetodar må takast i bruk for å få ned kostnadane. Dei indiske produkta er ikkje i stand til å konkurrere m.a. med produkt frå Pakistan og Bangladesh.

Ny fiskerirettleiar på Radøy

Steinar Granås har teke mot stillinga som fiskerirettleiar på Radøy. Granås tiltrer 3. august.

Auka sardinkvote i Peru!

Det peruvianske fiskeridepartement har auka sardinkvoten til 850 000 tonn i år, inkludert dei 150 000 tonna som vart tekne i første kvartal. 240 000 tonn skal fiskast opp frå april til juni, 60 000 tonn i juli og 100 000 tonn i september. I august er alle fabrikkane stengde og det er stopp i fisket. Dei siste 300 000 tonna skal forast i land frå oktober til desember.

Trass i at kvoten er redusert samanlikna med ifjor, snakkar produsentane framleis om å auka produksjonen frå 8,5 mill. kassar med hermetikk i fjor til 10 mill. i år.

Frå 1. mai er óg kvotane fordelte på havnar. Dette fører til at båtar som kan fryse, eller i det minste ise fisken ombord, kan lande fisk fem dagar i veka. Resten kan berre levere to dagar i veka, og båtar som er under 30 tonn kan levere eit avgrensa kvantum til fabrikkar i sitt eige distrikt. Problemet med denne reguleringa er at ei rekkje reglar ikkje er endra i samsvar med reguleringa, slik at det skapar kaos i nokre havnar medan andre har det stilt og fredeleg.

Over til fisk

Unitage Ltd., eit større føretak med meir enn £ 1,2 bill. i omsetning, har teke over Clipper Seafoods i Aberdeen. Dette er Unigate sitt første steg inn i fiskerinæringa. Det er tydeleg at Unigate held på å prøve nye marknader, i fjor selde dei 16 av sine meieri til the Milk Marketing Board.

Ein talsmann for Unigate seier: – Vi er blitt oppmuntra av dei siste rapportane om konsumet av fisk som fortel at det er på veg opp att etter å ha gått nedover i lengre tid. Særleg gjeld dette frosen fisk marknaden.

Garantikassen for fiskere søker daglig leder

idet nåværende daglig leder skal gå over i annen virksomhet.

Garantikassen for fiskere har ansvaret for ferieordningen for fiskere, ordningen med arbeidsløysetrygd i fiske- og minstelottsgarantiordningen.

Hovedkontoret ligger i Trondheim og har et personale på 35 personer. Den daglige leder har det administrative ansvar for Garantikassens virksomhet.

Søkere må ha høyere utdanning og erfaring fra administrativt arbeide. Innsikt i fiskerinæringa er en fordel.

Stillingen er plassert i lønnsstrinn 29 i Statens lønnsregulativ. Ved særlig kvalifisert søker vil en eventuelt høyere lønsplassering vurderes. Privat pensjonsordning med 2% pensjonsinnskudd.

Ansettelse av daglig leder skal godkjennes av Fiskeridepartementet. Nærmere opplysninger ved styrets formann, tlf. (042) 28440.

Søknaden sendes styrets formann, fiskerisjef Birger Larsen, Tinghuset, 4600 Kristiansand, innen 17. juli 1981.

Lodderognkaviar – ei delikatesse

At produkt av lodde er fullverdig mat, ja endå til delikatesse, er vi ikkje lengre eit sekund i tvil om. Særleg ikkje etter at vi fekk smake ein lodderognkaviar som Finotro i Honningsvåg har framstilt.


Sidan 1973 har dei ved Finotro arbeidd med å framstille denne kaviaren, og vi må vel berre slå fast at arbeidet ikkje har vore fånyttas. I dag framstiller dei kaviaren på denne måten:

Fisken må føregå i ein fjorten-dagars periode før gytinga. Så skal den kjønnsorterast (ingen likestilling her). Hofisken er minst, og det er den som vert nytta. Etter at rogn er teken ut av fisken vert ho salta og gjennomgår ein modningsprosess i tønner. Ho vert tilsett ei olje som er framstilt av druekjerner, og heile prosessen tar to-tre månader.

Produktet er i første rekkje tenkt marknadsført til større hotell og andre storkjøken, og marknadsførarane har i første rekkje satsa på å gjere produktet kjent på Kontinentet.

Kvifor dei gjer det? Jau, mest fordi det er eit produkt som er best egna til forrett og i tillegg er det eit dyrt produkt. Kiloprisen vil truleg ligge rundt 160,- pr kg., men for den vanlege forbrukar vert den laga i glas med 50 g innhald så det vert inga voldsom investering. 50 g er etter vår smak nok til to porsjonar som forrett. Og det smaka nyyydeleg

Ser godt ut, ja. Og det smakar verkeleg godt, det kan vi skrive under på. Og lodderognkaviaren er blitt godt motteken over alt.



Fiskermanntallet

Føringen av fiskermanntallet er fra 1. juni 1981 overtatt av Rettledningstjenesten i fiskerinæringen. Samtidig er reglene for opptak i manntallet noe endret. Fiskerisjefene, fiskerirettdelene og fiskerinemndene kan gi nærmere opplysninger.

Fiskere som ikke allerede står i fiskermanntallet men som ønsker å bli innført i manntallet, henvender seg til fiskerinemnda i kommunen eller til fiskerirettleder hvor dette finnes. Dersom det ikke er oppnevnt fiskerinemnd i kommunen, kan en henvende seg til nærmeste fiskerinemnd eller fiskerirettleder.

Er hydrokopter fiskebåt?

Kan hydrokopter brukast til fiskebåt? Ja, meiner ein fiskar på Sørlandet, som har søkt om å få innføra eit slikt framkomstmiddel i merkeregisteret. Nei, meiner Fiskeridirektoratet, som har avslått søknaden.

Og for dei som ikkje måtte vita kva eit hydrokopter er: Eit hydrokopter er eit flatbotna skrog som vert drive fram med luftpropell, og som kan ta seg fram over snødekt og fast is, over råk og vatn. Men fiskebåt? Nei.

LODDA – ei interessant råstoffkjelde

På årsmøtet sitt tidlegare i vår vedtok Feitsildlaget at dei sjølve skal ta hand om eksport av alle frosne produkt av lodde. Dette tyder i praksis at alle eksport av lodde til Japan skal gå gjennom Feitsildlaget, men at produkt som lodderognkaviar vert halden utenfor.

– Har Feitsildlaget stor nok salsorganisasjon til å ta det meirarbeidet dette fører med seg, salssjef Myrland?

– Nei, vi har diverre ikkje det, og det var vel heller ikkje tanken at alt skulle gå direkte gjennom vår salsavdeling. Vi har til no hatt to selskap som har teke seg av å marknadsføre våre produkt på den japanske marknaden, Frionor og Nordic Group, og dei vil halde fram med det. Dei har den kunnskapen og dei ressursane som skal til for å dekke opp denne marknaden som framleis er den einaste som tek imot loddeprodukt i større kvanta.

– Vi er imidlertid svært opptekne av å kome inn på andre marknader for tida, og i tilknytning til det skal vi ha ein eigen stand på Anuga-messa i Köln i haust, seier Myrland.

Anuga-messa er som kjent den største mønstringa matvareprodusentar i Europa har. I Feitsildlaget reknar ein med at deltaking på denne messa vil gi mange verdfulle kontaktar, noko som mellom anna kan kome til nytte når det vert snakk om å marknadsføre skilde loddeprodukt.

– Vi har ingen konkrete planar om samarbeidspartnarar, seier salssjef Myrland, men han slår fast at dei sjølv sagt vil vurdere alle konkrete planar som vert lagde fram om samarbeid som kan tene til å gi fiskarane betre utbytte av fiskeria.

Og prisen er ein av grunnane til at det no vert gjort framstøyt for å få folk til å ete loddeprodukt. – Lodderogna vert til dømes betalt med 1.650 U.S.S pr. tonn i Japan. Dette tilsvarar omlag

9,53 kr. pr. kg. Etter mi meining er denne prisen alt for låg for eit slikt kvalitetsprodukt, og eg reknar det som realistisk at vi oppnår mykje høgare pris for lodderogn på til dømes den europeiske marknaden, seier Myrland.

– Interesse for lodde som råstoffkjelde er aukande, men lodda kan vel til ei viss grad òg nyttast «in natura»?

– Ja, lodda har mellom anna vore mykje brukt som fôr i oppal av laks og aure, og det med hell. I det siste har det og vore forsøkt å nytte lodderogn som fôr, både i setjefiskproduksjonen og i matfiskoppal, og det har synt seg at dei som har nytta lodderogn som fôr har hatt lågare dødlighet. Det er sjølv sagt for tidleg å sei sikkert at dette skuldast lodderogna, men dersom så er tilfelle opnar det nye og interessante perspektiv, slår Myrland fast.

Lodda kan og nyttast som fôr til akvariefisk, då etter at den er tørka og oppmalt.

Feitsildlaget vonar at ein større marknad kan gi fiskarane meir att for lodda dei tar opp or havet.



Forsøksfiske viser:

MYE VASSILD I NORD

Av Steinar Bastesen

– Det ser ut til å være store og hittil uutnyttede forekomster av vassild nord for 64°.

Dette må bli konklusjonen etter forsøksfisket etter vassild som nylig er avsluttet. Forsøksfisket, som ble drevet av Steinar Bastesen med M/S «Bastesen», foregikk i tida 24. april til 13. mai.

På Sklinnadjupet ble det tatt bra fangster og det ble registrert tette forekomster over store områder. Lenger nord i Trænadjupet og Eggakanten vestfor ble det også registrert store forekomster, men på grunn av bunnforholdene var det vanskelig å tråle der. Store områder, særlig i sørkanten av Trænadjupet, ser likevel ut til å ha god trålbunn. Spesielt synes det store dypområdet mellom Sklinnadjupet og Skjoldryggen å være interessant.

Trålen som ble brukt var en torsketrål fabrikkert av Hermod Skjong Valderøy. Bakenden var kappet vekk 30 masker bak fiskelinet. Det ble så iskjøtt forlengelse og pose levert av Fjortoft Trål. Vi fikk på denne måten en brukbar trål til forsøksfiske etter vassild.

Jeg vil understreke at denne trålen var mye mindre enn de trålene som nyttes til kommersielt fiske etter vassild på Suladjupet. Vår trål tilsvarer ca. 800 masker rundt åpningen, og den vertikale åpningen ca. 5 m (4–6 m). Dørene som ble brukt var av type Steinshamn nr. 6, ca. 1300 kg. Det ble nyttet 30 m dobbeltsveiper nærmest trålen, forlengt med 60 m enkeltveiper. Total sveipelengde var altså 90 m.

Tauefarten med denne trålen var ca. 3,2 knop. Dette viste at vi meget godt kunne tauet en 1600 maskers trål med

tilstrekkelig hastighet (2,5 knop). Dette ville trolig fordoblet fangsteffektiviteten.

Trålen ble kalibrert mot vanlige vassildtråler i Suladjupet. Dette viste seg at vi fisket ca. halvparten så mye pr. tråltime som de kommersielle vassildstrålerne som fisket der. Dette må det tas hensyn til når man skal vurdere hvor mye vassild som kunne vært fisket i de tråltrekkene vi foretok.

Det ble nyttet gear som for vanlig torsketrål. For hvert trekk ble den prosentvise sammensetningen av artene anslått.

Resultat

Leitinga etter nye felt begynte i Sklinnadjupet den 1. mai. Det ble foretatt 5 trekk (tråltrekk nr. 2–6). Fangsten varierte fra ca. 330 kg til 3000 kg pr.


tråltime. Dette ble vurdert til å være meget drivverdige forekomster, og på forespørsel meddelt over radiotelefon til M/S «Barmnes Jr.», som da fisket på Suladjupet, hvor fisket var dårlig. «Barmnes» satte straks kurs for Sklinnadjupet og tok 40 000 kg på sitt første 4 timers trekk.

Vi fortsatte mot ei djuphole rett utenfor Høgbraken (N 65° 28' Ø 10° 29'). Gjorde et trekk (Nr. 7), men kjørte fast etter 1 t og 20 min. Ei tråldør gikk tapt og trålen ble revet nokså mye. Dette førte til at vi måtte skifte trål og ta i bruk reservedører. Vi gikk til Brønnoysund for å ordne dette.

Neste dag (søndag 3/5) ble kursen satt mot Trænadjupet. Det ble først foretatt et trekk (Nr. 8, N 66° 52' Ø 10° 02') på 3 t. Fangsten var ca. 335 kg småfallen vassild pr. tråltime. På neste trekk (Nr. 9, N 66° 59' Ø 09° 49'), ble trålen revet pga. mye sopp og steiner. Det var en del brukbare registreringer midt på dette trekket til tross for at det blåste ganske kraftig (N 6). Vi måtte avbryte for å bote og det ble da besluttet å gå til Svolvær for å levere fangsten.

Vi ankom Svolvær neste dag og begynte å losse ved dobbeltfrysingsanlegget. Melbu Fiskeindustri kjøpte fangsten som et forsøk. Lossinga gikk meget for langsomt og var avsluttet først kl. 22, så vi måtte vente til neste dag for å få is.

Kursen ble igjen satt mot Trænadjupet. Denne gangen mest for å drive registrering av bunnforhold og fiskeforekomster ved hjelp av ekkolodd. Det



viste seg å være mye vassild ved Eggakanten, men der er dårlig trålbunn, pga. korall og skrog. Men mye av det vi registrerte sto så høyt over bunnen at det ville latt seg fange med flytetrål. Det sto også endel vassild i vestkanten av Trænadjupe et stykke fra Eggakanten.

I nordenden av Trænadjupe er det vanskelig å finne bunn til lange tauinger, men i sørenden er bunnen god. Det var lite fisk å registrere over brukbar bunn. I nærmeste djuphola øst for Trænadjupe foretok vi et kort trekk (Nr. 10 N 66° 51' Ø 10° 43'). Til tross for mye korall og dårlig bunn fikk vi 200 kg usedvanlig stor vassild.

Vi fortsatte over Trænanbanken vestover og gikk til djuphola rett nord om Sklinnadjupe på ca. N 63° 53' Ø 08° 12'. Fangsten var 300 kg vassild pr. time. Neste tauing ble foretatt i sørøstlig retning mot Sklinnadjupe, der det nå var kommet ca. 8 båter som var i godt fiske, med fangster jevnt over på ca. 10 000 kg pr. tråltid. Enkelte båter tauet for lenge og sprengte trålene under innhiving. Vi hørte også om båter som dumpet fangst som de ikke hadde kasser til om bord.

Vi gjorde så 3 tauinger på 4 timer hver i Sklinnadjupe fra N 65° 53' Ø 08° 17' til N 65° 40' Ø 09° 20'. Der kjørte vi fast, antakelig i vraket av den greske

malm båten «Deifovos» som gikk ned i februar i år. Vi mistet hele «bruket» med dører og det hele. Det var ikke annet å gjøre enn å avslutte fisket. På de 3 siste tauingene (hver på ca. 4 timer) for vi kjørte fast fikk vi ca. 25 000 kg. Flere oppkjøpere ble kontaktet, men ingen hadde kapasitet til å ta imot. Vi måtte derfor nordover til Svolve der vi leverte mandag den 11. mai, og var ferdig om kvelden. På turen sørover gikk vi innom Bodø der innsamlete fiskeprøver ble levert på land til Nordland distriktshøgskole, hvorpå vi fortsatte til Bronnoysund for å ta på land resten av bruket og vaske båten. Turen ble avsluttet den 13/5.

Dato	Trekk-nr.	Trål-type	Feltets navn	Trålen nådd bunnen kl.	Innhiving av trål begynt kl.	Trål-trekkets varighet tim. min.	Satt posisjon	Fangstdyp i meter	Hev opp posisjon	Fangst-mengde	Beskytta arter	Anmerkninger Temp = overflate-temperatur ved setting/hiving
29/4	1	Bt	Suladjupe	0520	0930	4 10	N64°15' Ø08°40'		N64°07' Ø08°24'	3500 kg vassild	30 kg lange	Vind: SØ4
1/5	2	Bt	Sklinnadjupe	0020	0320	3 0	N65°41' Ø09°03'	443-434	N65°44' Ø09°08'	1000 kg vassild	200 kg lange	Temp: 7-7,2°C 100 kg lusuer
1/5	3	Bt	»	1030	1345	3 15	N65°44' Ø09°25'	435	N65°39' Ø09°24'	6500 kg vassild	300 kg lange	Temp: 7,2-7,4°C 100 kg lusuer God bunn
1/5	4	Bt	»	1500	1800	3 0	N65°38' Ø09°24'		N65°36' Ø09°44'	6500 kg vassild	100 kg lange	Temp: 7,6-7,2°C 100 kg lusuer God bunn
1/5	5	Bt	»	1915	0110	4 55	N65°38' Ø09°40'		N65°43' Ø09°04'	15000 kg vassild	100 kg lange	Temp: 7,3-7,2°C 100 kg lusuer
1/5	6	Bt	»	0150	0600	5 10	N65°43' Ø09°04'	460	N65°38' Ø09°47'	13000 kg vassild	100 kg lange	Temp: 7,2-6,8°C 100 kg lusuer
2/5	7	Bt		1200	1320	1 20	N65°28' Ø10°29'		N65°28' Ø10°39'	200 kg vassild		Temp: 6,6-6,8°C Kjørte fast
3/5	8	Bt	Trænadjupe	2125	0125	3 0	N66°52' Ø10°02'		N66°57' Ø09°48'	1000 kg vassild	0	Temp: 7,2-7°C 400 kg blanding mest lusuer
4/5	9	Bt	»	0130	0620	4 50	N66°59' Ø09°49'		N67°04' Ø09°05'	Lite vassild	0	Temp: 7-7°C Mye svamp. Rev not
7/5	10	Bt	Djuphola øst for Trænadjupe	1530	1700	1 30	N66°51' Ø10°43'	440	N66°50' Ø10°28'	200 kg vassild	0	? Dårlig
8/5	11	Bt	Sklinnadjupe	0830	0930	1 00	N65°53' Ø08°12'	418	N65°54' Ø08°16'	300 kg vassild	0	God bunn. Leire
8/5	12	Bt	»	1015	1315	3 0	N65°53' Ø08°17'	420	N65°47' Ø08°33'	2500 kg vassild	0	God bunn
8/5	13	Bt	»	1415	1815	4 0	N65°47' Ø08°33'	440	N65°43' Ø08°58'	9000 kg vassild	200 kg lange	
8/5	14	Bt	»	2015	0015	4 0	N65°41' Ø08°59'	447	N65°40' Ø09°20'	15000 kg vassild		
9/5	15	Bt	»	0215	0300	0 45	N65°40' Ø09°20'					Fast i N65°40'13" Ø09°27'27" Mistet hele bruket

SLIK SLEPER DU SILD!

Kåre Andersen fra Leines har sett seg lei på at fiskerne blir beskyldt for å dumpe sild. Han mener mye av dette skyldes uvitenhet. For å rette på dette, deler han her sin erfaring med andre sildefiskere. Kan det føre til mindre dumping i år tro?

Vi har i flere år vært vitne til at både presse og TV har slått dumping av sild stort opp, og en har fått inntrykk av at dette har vårt gjort med viten og vilje av fiskerne.

For det første: Det er blitt dumpet mye mer sild enn det som er kommet fram i offentlighetens lys. Dette skyldes ren uvitenhet fra de som fisker sild. En ting er å sette not, fange sild og håve den ombord, det er for så vidt en enkel historie når det er mye sild i sjøen. Men å transportere den fra hovednoten og over i en pose eller mer og slepe den til lands mens den ennå er i live, en prosess som tar fra to til femten døgn, det er det ikke alle som kan. Her mener jeg det må erfaring til, ikke minst fordi sild er en meget ømtålig fisk. Jeg skal derfor etter beste evne forsøke å fortelle hva jeg, etter mange års erfaring, er kommet fram til for å berge silda levende.

La oss si at vi har en not på ca. 200 f × 40 f., og at vi har gjort et kast og er klar over at vi har mye mer sild enn kvoten tilsier. Når halvdel av nota er halt inn og silda er kommet helt opp i sjøen og ligger tørr, blir lett båten satt på sjøen i fremste notende. Lettbåten sleper da nota rett ut fra hovedfartøyet, slik at det blir en åpning på omlag 50 m fra hovedfartøy til lett båt. Det blir stukket tau fra notbåt til lett båt, slik at notenden hales ombord igjen når ønsket sildemengde er svømt ut. Mens denne operasjonen foregår, hales det hele tiden not inn bak på hovedfartøyet. Det er ingen sak å følge med silda som går ut mellom lett båt og hovedfartøy slik at en ikke slipper ut alt silda. Vanligvis blir det for mye sild igjen i nota når en stenger den igjen.

Når jeg nevner dette, er det fordi det er en av de ting det syndes mot. En har fra 200 til 500 hl. sild i nota, og presser den sammen slik at havet er hvitt av

silderist, for deretter å få silda over i en eller to poser eller merer. Disse er ofte mer eller mindre vanskapte og da er det vanskelig å få 200 hl. sild til å leve til den skal selges.


Hva så med den silda som er igjen i nota og som slippes ut? Det er vanligvis langt til land og det er ingen froskemenn som følger med. Derfor: Når det viser seg at det er for mye sild, slipp den ut av nota mens den ennå kan svømme fritt ut av nota uten å bli presset.

Slik gjør en:


1. Forutsetter et kast på 600 hl. Når noten er halt inn til det er 4 ringer igjen settes pose/merre ut. Denne må være båtformet fremme – 7 m dyp, 7 m bred

og 15–25 m lang. En kraftig jernstang – 6 m – settes vertikalt i posens spiss med feste oppe og nede i posen. I nederste ende av denne stang festes et 10 kg. lodd. En trestang – 6 m – 3" × 3" festes til flå lengst fremme på det bredeste av posen, bak jernstangen. På hver side inne i posen, under trestangens ender, som nå er festet til noten, festes en garnblåse. 60" under hver blåse i posens bunn festes et lodd på 20 kg. Fordelt rundt posens bunn hvor det er festet et 1½" tau skal det være 50 kg. bly. (Se ill. nr. 1)

2. Posen må være ferdigmontert før den gjøres fast til hovednoten. Posen må ikke bendes fast til hovednotens flå, men til brosttauets som går fra flå til blytelne. Dette for at en ikke skal få



3. FRA NOT TIL POSE



dobbel korktelne der silda skal svømme over fra den ene not til den andre. Det er viktig at hele posens akterende blir benyttet. Når en fester to 15 kgs. lodd på midten av posens akterende skal en få en dybde på ca. 3-4 meter der silda svømmer over. Når en nå tar inn på hovednota blir det trangt her, og silda svømmer da over denne åpningen som er nevnt.

3. Her kommer det viktigste punktet. Det er å beregne når det er passende mye sild i posen for å få den

til å leve. Det er alltid bedre å ha for lite sild i en pose, slik at den lever, enn å ha for mye sild slik at den dør. Når silda svømmer fra hovednota vil den alltid forsøke å komme seg lengst mulig bort og er da fra bunnen til helt opp i posen. Uansett størrelse på en sildepose, må det ikke slippes mer sild inn her enn at en kan se at 1/3 av posen er full. Dette er ganske lett å kontrollere. Som eksempel kan nevnes: En pose som er 7 x 7 x 20 m og som er 1/3 full rommer temmelig sikkert 150-175 hl. Dette er

et kvantum som en er sikker på lever. (Se ill. 3).

4. Slepning må foregå med den aller største forsiktighet. Det må ikke i noe tilfelle slepes mot strømmen. Når en begynner å slepe vil silda alltid bli fortrenget bak i posen. En må da straks redusere farten slik at den svømmer fritt i sleperetningen. Det må alltid være lettboat til stede og passe på at silda ikke blir fortrenget, den slipper da skjellet og dør om noen dager.

5. Fastsetting eller lagring av posen. En finner mest mulig smult og straumfritt sted, ikke under 15 m dypt. Bakre ende av posen snues til lands. Her festes en trestang av lignende dimensjon som den som er fremme. Fra hvert hjørne festes et tau i land med en vinkel på land ca. 70-80 meter.

I posens fremste ende festes to 150 m line med en 50 kgs dregg i hver line.

Posen strekkes nå så godt som råd er og blir stående slik. Nå er ikke dette den rette formen fordi silda helst vil gå rundt. En fester da i tillegg, fra posens midte, en line og en dregg og strekker ut slik at posen blir mer rund. Nå får silda gå rundt. (Se ill. 2)

Det må ikke settes to poser nærmere hverandre enn 25 meter da det kan bli mangel på surstoff.

Spanske båtar til England

Ein fiskehandler i Wales har kjøpt tre spanske trålarar i 120 fots klassen. Trålarane driv fiske etter hake på sørvestkysten av Irland. Fangstane vert seld der dei oppnår best pris, og store delar vert eksportert til kontinentet.

Det ryktast at skipa vert drivne under britisk flagg medan dei framleis er spansk-eigde. Dette vert imidlertid på det sterkaste avsanna av Peter Wright som driv fartøya. Han har britiske skipparar ombord, men framleis er det spansk mannskap. Det vil truleg ta omlag 18 månadar å læra engelskmenna opp til å drive dette fisket. Spanjolane har drive på desse bankane i mange år, og er lommekjende.

Auka kvantum

Spanias totalfangst i 1980 auka med 28.000 tonn og nådde opp i mest 1,4 mill. tonn. På topp på statistikken ligg fersk og salta fisk med 766.463 tonn. Deretter følgjer frossen fisk med 255.182 tonn og produkt frå akvakultur næringa kom opp i 191.671 tonn.

Auke i referanseprisen?

Politikarane i EF er blitt advart mot å auke referanseprisen på torsk. Ei ytterligere auke vil føre til uboteleg skade på marknaden.

Det er direktøren i Birds Eye Walls Ltd. som kjem med denne åtvaringa, etter at ein auke i referanseprisen vart drøfta som ein del av ein felles fiskeripolitikk i EF.

NORAD med fiskeriprosjekt på Azorane

«Futuro» tyder framtid, og det er ikkje utenkjeleg at denne båten kan vere med på å prege framtida til eit dels fattig fiskarfolk på Azorane. Båten som tilhøyrrer Viksund Trading, går nemleg no for NORAD utanfor Azorane.

Prosjektet den er leigd til skal i første rekkje gi svar på om det er grunnlag for å utvikle det kommersielle fisket som foregår i havområda utanfor dei kjende ferieøyane i Atlanteren.

Tunafisket er allereie godt igong her, og «Futuro» skal i første omgang drive fiske på dei same bankane som dei innfødde. I dette fisket skal det nyttast

not og tunoline (hábrandsnøre). Det er og meininga at den skal prøve seg på andre felt for å sjå om det er mogeleg å fiska på andre tunaslag enn det som vert beskatta i dag.

I tillegg til tunafisket skal båten prøve om det er mogeleg å driva lønsamt fiske på andre botnfiskslag. Det er og meininga å prøve seg på fiske etter pelagiske fiskeartar. Forsøka vil i første rekkje føregå med line og garn.


Då vi var ombord, låg båten og lasta proviant i Bergen. Frå Bergen rekna dei med å bruke 11 dagar på turen til Azorane. Ombord var det eit mannskap på fire, tre norske og ein portugi-

sar. Når dei kjem igong med fiske er det meininga at båten skal sysselsetje ti mann, dei fleste portugisarar.

Turane varierer i lengde etter årstid og fiske, men ein tur kan ta opp i fem døgn. Skippar Grindheim har vore på Azorane for NORAD to gonger tidlegare, og såg fram til å dra ned att. Prosjektet er denne gongen tenkt å vare i 10 månader.

I desse dagar reiser fagkonsulent Hans Edvard Olsen og fiskerisjef Arne Nore til Portugal for å vere med på å legge opp fiskeplan for båten.

«Futuro» er på 51 fot og bygd i plast. Den gjer omlag 10 mils fart utan last.



Av omsyn til plassen er det montert ein snurpevinj for manuell stopping av snurpenota.



«Futuro» ved kai i Bergen før den gjekk til Azorene for NORAD.

Endring i Storbritannia

I Storbritannia føregår det for tida omstrukturering av dei styrande organ i fiskerinæringa. I desse dagar går det ein lov gjenom Parlamentet som oppløyser både White Fish Authority og Herring Industry Board. I staden skal det bli eit felles styre for alle fiskeri som føregår til sjøs. Namnet på det nye styret vert Sea Fish Industry Authority og styret skal ha åtte medlemar.

Uoffisielt er 1. oktober dato for den nye ordninga, og ein er no i full gong med å finne aktuelle kandidatar som kan sitje i styret. Fiskeridepartementa i dei fire landa i Storbritannia skal føreta den endelege nomineringa slik at det vert jamn fordeling av verva mellom landa.

Ein av dei første oppgåvene det nye styret får, er å overtyde britiske husmødre om at dei må kjøpe meir fisk fanga av britiske fiskarar. Kostnadane med dette vert av spesialistar rekna til omlag £3½ mill. Reklamebudsjettet til White Fish Authority er i år på £ 0,28 mill., så dei som overtek får ein tøff jobb med å skaffe midlar til kampanjen. WFA har lenge kjempa for å få til ein slik kampanje, men industrien sin motvilje mot å betala kostnaden har sett stoppar for deira planar.

Pengar i energisparing

Eit båtbyggeri i Hull har gjort det godt i det siste. Dei produserer stålskrog til andre verkstader og til private som vil innreie båtane sine sjølve. Aktiviteten har særleg teke seg opp etter at etterspurnaden etter energiøkonomiserande båtar auka.

«Grimsby Lady» på veg heim

Partrederiet Knut Sævik m.fl., Leinøy, har fått tilsagn om ervervs-tillatelse og ringnotkonsesjon for m/v «Grimsby Lady», tidligere «Majala». Fartøyet, som ble solgt til England i september 1979, må nå tas tilbake til Norge på grunn av misligholdelse. Dette skal gjøres ved tvangsinnrivelse av påhvillende panteheftelser. Ved tildeling av ringnotkonsesjon har Fiskeridepartementet lagt til grunn av fartøyet tilfredsstilte aktivitetskravene ved salget i 1979.

«Majala» ble levert i september 1978 til Oddvar J. Majala i Havøysund. Båten er bygd ved Ejnar S. Nielsens Mek. Verksted A/S, Harstad. Den er 194,7 brt og 179,6 fot. Den ble solgt til Fred. Parker Fishing Co. Ltd., Grimsby og har altså seilt under navnet «Grimsby Lady» de to siste årene.

Det er ein forutsetning for Fiskeridepartementets avgjørelse at «Kings Bay», M-80-HØ, blir solgt til Nord-Norge. «Kings Bay» tilhører nå P. K. Sævik m.fl.

Offentleg ansvar

Fisket etter Clyde-silda utanfor Skottland har tidlegare vore regulert av skotske fiskarar sin eigen organisasjon. No har dei overlete ansvaret til dei offentlege instansar, nemleg det skotske Fiskeridepartementet. Fisket tok til 15. juni, og det er set ein totalvote på 2.000 tonn inklusive bifangstar.

Salmonella i dyrefór. – Nye britiske forskrifter

I henhold til britiske forskrifter som nylig er vedtatt, vil import til Storbritannia av animalske proteiner til dyrefór bli gjenstand for lisensiering og bakteriologisk kontroll. Kravet er at dyrefóret skal være fri for salmonella. Hvis det blir påvist salmonella i et importparti, vil det bli gitt underretning til importøren og vedkommende myndigheter i eksportlandet vil bli bedt om å ta skritt for å unngå ytterligere forurensning. Forholdet kan også få følger for betingelsene for å få importlisens eller kan føre til at lisensen blir tilbakekalt. De nye britiske forskriftene trer i kraft 29. april 1982.

AVDELING FOR KVALITETSKONTROLL

Somalia satsar på fiskeri

Somalia er i full gong med å bygge opp sin fiskeflåte att. Dei var i ferd med å gjere det då Sovjet trakk seg ut av samarbeidet med landet og tok med seg ti trålarar heim att i 1977.

Det er venta at omlag 20 trålarar vil fiske utanfor kysten av Somalia ved utgongen av 1982. Av desse er seks bygd i Jugoslavia, tre frysetrålarar er bygde i Italia og frå Italia kjem og to hekktrålarar og to fryseskiper. Eit australsk selskap driv to reketrålarar og frå Irak kjem fire reketrålarar.

Ulempa ved den raske oppbygginga, er at det kan føre til at ein skilde fiskeslag vert overfiska. Eit anna problem er den dårleg hamne- og foredlingskapasiteten i landet. På heile kysten finns det fem foredlingsverksemder, av desse er det eit fryseri som amerikanarane opna i 1968 og stengde i 1969. No tek FAO seg av å restaurere det.

Om kystfisket er det å sei at det er stor mangel på båtar, trass i at regjeringa har skaffa båtar. Fiskarane har ikkje vore i stand til å handtere dei, langt mindre å kjøpe dei.

Urettvis fordeling

Skotske fiskarar med båtar under 60 fot føler seg urettvist behandla ved utdelinga av den siste hjelpa frå regjeringa. No krev dei, med støtte av den skotske fiskarorganisasjonen, at dei får tildelt meir midlar for å kome ut av sin kaotiske situasjon.

Fiskeriministeren Alick Buchanan-Smith er samd i at dei mindre båtane vart urettvist handsama under fordelinga av stønadsmidlane frå regjeringa, men han orsaker det mellom anna med at dersom det skulle vore heilt rettvis, måtte ein ha fått ein enorm sum berre til administrasjon, noko som ville redusert tilskotta til fiskarane.

Tomt for eldre Fiskets Gang

I Fiskets Gang nummer 9 i år, tilbød vi våre abonnenter ferdig innbundne årganger av eldre Fiskets Gang gratis. Det har vist seg å være enorm interesse for tilbudet, og vi må nå bare beklage: Vi har ikke flere igjen! Så til den som ikke har mottatt sin bestilling ennå: Bedre lykke neste gang.

R/V DANA I NORGE

Verdens største havforskningsfartøy er under oppkjøring

R/V «Dana» har vært i Horten for å kalibrere og justere det akustiske utstyret som Simrad A/S har levert. Kalibreringen skjedde i samarbeid med Havforskningsinstituttet i Bergen.

R/V «Dana», som er på 2.483 brutto registertonn, er 78,43 m lang og 14,7 m bred og er bygget ved Dannebrog Værft A/S i Århus i Danmark. Det har det mest moderne navigasjonsutstyr og fiskeletingsutstyr.

R/V «Dana» skal drive fiskebestand-sundersøkelser og oceanografi. Skipet eies av den danske stat og er knyttet til fiskeriforsknings-senteret i Hirtshals i Danmark.

Operasjonsområdene vil bli i Skagerrak, Østersjøen, Kattegat, Nordsjøen og områdene rundt Grønland.

Det har en seilende besetning på 28 mann, en total besetning på 42 og plass til 10 forskere.

R/V «Dana» har to B&W, Alpha Diesel hovedmotorer, hver på 2320 HK.



R/V Dana, verdens mest moderne havforskningsfartøy, på besøk hos Simrad A/S i Horten.

Spanske båtar under britisk flagg

Det er store muligheter for fiskeeksport til Spania, og no får engelske fiskarar ein «gratis» sjanse til å rase direkte inn der. Eit spansk-britisk selskap er på jakt etter skipparar som er interesserte i å kjøpa part i båtar som skal drive fiske etter lysing, glassvar og breiflabb. Meininga er å lande fisken i Falmouth eller direkte i La Coruna. Lave prisar på den britiske marknaden og mulighetene til å kjøpe seg ein billeg båt på omlag 100 fot, kan gjere at tilbodet vil verke attraktivt på mange.

Etter at denne saka er komen opp, har britiske styresmakter vedteke ein ny lov som seier at andre lands båtar som seglar under britisk flagg kan bli strokne i britiske register. Reglane er komne for å hindre at land som står utanfor EF skal skaffe seg fisk frå

EF-farvatn på ein lett vint måte. Det britiske handelsdepartementet seier at dei nye reglane er komne for å sikre at berre dei som har rett til å registrere eigen fiskebåt på dei britiske oyar får gjere det og at dei ein finn ikkje har slik rett kan bli stroken.

I lovane heiter det at eigarane må vere anten britiske statsborgarar eller vere med i ei gruppe eller selskap som er etablert på dei britiske oyar og som har si hovudverksemd her.

Utviklingsprogram i Mexico

Den interamerikanske Utviklingsbanken skal gi finansieringstilskott på 80 mill \$ til eit regionalt fiskeritviklingsprogram i Mexico. Programmet er delt

i to. Den eine delen består i å gi garanti for lån som skal tilføre fiskerinæringa turvande basis, som lån til kjøp og konstruksjon av fiskebåtar opp til 40 m, installasjon av foredlingsutstyr og utstyr til frysing og kjøling og liknande.

Den andre delen av prosjektet er knytta til utbygging og forbetring av hamnar. Mellom anna skal det byggast tre nye hamnar i Mexico under leing av det mexikanske fiskeridepartementet.

Kostnaden med utviklingsprogrammet vert truleg omlag \$ 200 mill., og 60% skal dekkjast over lokale budsjett.

Målet med programmet er å auka totalt landa kvantum med omlag 185 000 tonn i 1985. Grunnlaget for eit auka fiskeri skulle vere tilstades. Det mexikanske fiskeritilsettet har identifisert omlag 50 artar i dei nære havområda som tidlegare ikkje har vore utnytta, men som truleg vil vere brukbare til konsum.

Linefiske i EF-sona i ICES-område V B.

Det er nå klargjort med EF at norske fartøy kan drive fiske med line etter lange, blålan-ge og brosme i ICES-område V b (vest for 4° v.l. og nord for 60° n.br.).

Denne utvidingen av fiskeområde medfører ikke endring av de kvotene Norge tidligere er tildelt (jfr. J. 18/81).

Det minnes om at fartøy som fisker i det området der de færøyske og britiske fiskerigrensene overlapper hverandre skal sende melding om inn- og utgang og fangst både til Færøyane og EF-kommisjonen.

For opplysninger om posisjonspunktene for den britiske og færøyske fiskerigrensen, og nærmere opplysninger om de meldinger som skal sendes ved fiske i det overlappende området, henvises det til «Melding fra Fiskeridirektøren» J. 83/80 og J. 135/80.

Håndheving av bestemmelsene om maskevidde innenfor den såkalte «øyepålkassen» i britisk del av EF-sonen.

Det vises til de tidligere utsendte meldingene om «øyepålkassen» og om maskevidde, bifangster osv. i EF-sonen. (J. 152/80 og J. 153/80).

Fiskeridirektøren vil opplyse om at det fortsatt er lov til å fiske med småmasket trål i «øyepålkassen». (F. eks. etter tobis). Det er ikke fastsatt en spesiell øvre grense for tillatt bifangst av øyepål ved fiske innenfor «øyepålkassen» med småmasket trål etter de fiskeslag der slik redskap er lovlig. (Jfr. J. 153/80 vedlegg II).

Hvis imidlertid et fartøy som fisker tobis i «øyepålkassen» pågripes med en urimelig høy bifangst av øyepål, vil det være en sak for britisk domstol å avgjøre om skipperens intensjon var å drive et direkte fiske etter tobis eller øyepål.

Som nevnt ovenfor kan det ikke gis en øvre grense for hva som blir regnet for å være «rimelig bifangst» av øyepål. Det kan antydes at dersom den alt overveiende del av fangsten er tobis vil en mindre andel øyepål kunne has om bord (maksimalt en femtedel eller sjettedel). Det understrekes at dette er en antydning.

